



EIN NY FELLES
ORGANISASJON
FOR
FOLKEMUSIKK
OG -DANS

HØYRINGSNOTAT
VEDTEKTER
ORGANISASJONSKART

FRAMLEGG FRÅ:
NORSK FOLKEMUSIKK OG DANSELAG
LANDSLAGET FOR SPELEMENN
JUNI 2009

HØYRING NY ORGANISASJON

Styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD) og Landslaget for Spelemenn (LfS) legg med dette fram eit første utkast til ny organisasjon for folkemusikk og folkedans i Noreg. Utkastet skisserer korleis organisasjonen kan byggjast opp og styrast.

Styra har lagt vekt på konsise vedtekter som berre regulerer føremålet og dei organa som er naudsynte i organisasjonen. Årsmøtet skal vedta eit prinsippprogram og eit arbeidsprogram med dei politiske prioriteringane og dei konkrete arbeidsoppgåvene til organisasjonen.

Grunnstamma i organisasjonen er dei individuelle medlemmene. Makta på årsmøtet går via utsendingar frå medlemslaga i organisasjonen.

Årsmøtet i den nye organisasjonen vil bli det viktigaste demokratiske møtepunktet for folkemusikkmiljøet. Årsmøtet vert kalla inn i god tid slik at alle utsendingar skal ha moglegheit til å setja av tidspunktet. Vi føreslår eit stort styre med 9 medlemmer. Dette er viktig for å sikre mangfald og breidde i styrearbeidet.

Styra i organisasjonane inviterer eksisterande og nye lokal- og særslag som står utanfor LfS til å melde seg inn og vere med i den nye organisasjonen. Alle medlemslag er sikra god representasjon og det er viktig at alle delar av folkemusikkmiljøet deltek på årsmøtet. Lokallag og særslag vil bestå som eigne organisasjonar med eigne styrer og aktivitetar.

Vi ønskjer å få innspel på følgjande punkt:

- Styra føreslår at det skal vera mogleg å vera direkte individuell medlem i den nye organisasjonen, men utan stemmerett på årsmøtet. Det er likevel ønskjeleg at alle medlemmer er medlem av eit lokallag eller særslag og nyttar dei demokratiske rettane sine.
- Styra ønskjer å sikre yrkesutøvarane sine rettar i ein ny organisasjon. Vi føreslår å gi dei større del av utsendingane til årsmøtet og fleire medlemmer i styret enn det talet tilseier. Vi ønskjer å skilja mellom yrkesutøvarar og andre utøvarar fordi desse grupperingane har mange ulike behov. Med yrkesutøvar meiner vi dei som har inntekt av folkemusikk og/eller -dans. Dette inkluderer også pedagogar. Styra føreslår at utsendingar til denne gruppa skal bli valde i eigen valprosess. Eit anna alternativ er at yrkesutøvarane skipar eit særslag.
- Styra føreslår å skipe områdelag. På sikt er det eit mål at ein har områdelag som til saman dekkjer heile landet, og at områdelaga kan dekkja større regionar. Styra vil føreslå at områdelaga ikkje skal ha eigen kontingent, men at desse finansierar si verksemd på anna vis. Alternativt vil vi føreslå at alle områdelag har same kontingent.
- Styra har tre ulike forslag med omsyn til heidersmedlemmer:
 - A. Tildele heidersmedlemskap.
 - B. Opprette ein eldsjelpris som er ei eingongsmarkering av ein ekstraordinær innsats.
 - C. Ikkje tildele nye heidersmedlemskap, men la dei som allereie har fått desse rettane behalde dei.

Vi ber om tilbakemelding innan 1. september 2009

VEDTEKTER – NY ORGANISASJON

Framlegg frå styra i NFD og LfS juni 2009.

§1 Stifting

[Namn] vart skipa xxx i 2009. [Namn] er ein landsomfattande interesseorganisasjon som er livssynsøytral og partipolitisk uavhengig.

§2 Føremål

[Namn] har som føremål å ta vare på og halde levande folkemusikk og -dans[etradisjonar] i Noreg. Laget skal arbeide for å styrkje rolla og vilkåra til folkemusikken og -dansen i samfunnet.

§3 Medlemskap

Grunnlaget i samskipnaden er medlemmer i lokale lag, særslag, og gruppa av yrkesutøvarar. Alle medlemmer i lokale lag og særslag tilslutta [Namn], er medlemmer i [Namn]. Lokale lag er geografisk knytt til eitt område. Særslag og gruppa for yrkesutøvarar har aktivitet på tvers av geografiske områder.

Alle lag som arbeider i samsvar med føremålsparagrafen til [Namn], kan takast opp som medlemmer i samskipnaden. Søknader om opptak blir handsama av styret som også godkjenner vedtektene til medlemslaga.

Lokale lag kan samarbeide distriktsvis gjennom områdelag. Alle lag som er tilslutta eit områdelag innmeldt i [Namn], skal vera tilslutta [Namn].

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller særslag, kan melde seg direkte inn i [Namn].

§4 Årsmøte

Årsmøtet er høgste instans i laget og skal haldast kvart år innan utgangen av november månad.

Styret fastset tid og stad for årsmøtet og informerer medlemmer om dette seinast seks månader før årsmøtet finn stad. Innkallinga skal vere skriftleg og sendt ut minst ein månad før årsmøtet. Medlemmer som har saker dei vil ha fremja på årsmøtet, må sende desse til styret innan 1. august.

Kvart lokallag eller særslag som er tatt opp som medlem innan 1. august, har rett på utsending m/røysterett på årsmøtet same år etter følgjande skala:

- Lag med inntil 50 medlemmer: 1 utsending
- Lag med 50 - 99 medlemmer: 2 utsendingar
- Lag med minst 100 medlemmer: 3 utsendingar
- Kvart områdelag har rett på 1 utsending.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

For grupperinga for yrkesutøvarar blir det oppnemnd inntil 10 utsendingar. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller -dans. Eit årleg møte i medlemsgrupperinga skal oppnemne dei 10 utsendingane før kvart årsmøte. Desse kan gje fullmakter. Yrkesutøvarar kan stille på årsmøtet med inntil to fullmakter i tillegg til si eiga stemme. Eit arbeidsutval har ansvar for innkalling og gjennomføring av valmøtet. Yrkesutøvarar som sit i styret for [Namn] utgjer dette arbeidsutvalet.

Styret har møte- og talerett, samt røysterett med unntak for handsaming av årsmelding og rekneskap. Administrasjonen har talerett. Individuelle medlemmer som ikkje står tilslutta noko lokallag eller særslag har møte- og talerett. Årsmøtet vel eit styre på 9 personar sett saman av ein leiar, to nestleiarar, seks ordinære styremedlemer og tre varamedlemer. Leiaren og dei to nestleiarane (arbeidsutvalet) vert valde ved særskild val for eitt år om gongen, medan dei andre vert valde for to år, slik at tre personar står på val kvart år. Årsmøtet vel tre varamedlemer til styret for eitt år om gongen. Ein av dei tre som utgjer arbeidsutvalet, skal til ei kvar tid vera yrkesutøvar innan folkemusikk og/eller -dans.

Årsmøtet vel ein kontrollkomité på tre medlemmer. Medlemer av kontrollkomiteen er valde for 2 år; men slik at ikkje fleire enn to er på val kvart år.

Årsmøtet vel ei valnemnd på tre medlemmer. Når ein vel tillitsfolk, skal ein velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen. Valnemnda skal leggje vekt på ulike utøvarformer, kjønn, geografi, kontinuitet i styret sitt arbeid, fagleg, kulturpolitisk og økonomisk kompetanse, og at minst to ordinære styremedlemer er yrkesutøvarar; dette inkludert medlemmen i AU. Minst ein varamedlem skal vera yrkesutøvar.

Årsmøtet handsamar årsmelding, rekneskap, inkomne saker, fastsetjing av medlemspengar, prinsippprogram, arbeidsprogram, budsjett, melding frå kontrollkomiteen og val. Rekneskapen fylgjer kalenderåret.

§5 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt, eller når minst ein tredel av medlemslaga krev det. Elles gjeld dei same reglane som for vanleg årsmøte.

§6 Styret

Styret skal

- drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og årsmøtevedtak
- førebu saker til årsmøtet
- godkjenna områdelag og dei geografiske grensene for desse
- godkjenna vedtekter for laga etter normalvedtekter fastsett av årsmøtet.

Styret tilset dagleg leiar og det administrative personalet som [Namn] til ei kvar tid har økonomi til og behov for. Styret utarbeider instruks for tilsette i administrasjonen.

Styret er vedtaksført dersom minst fem medlemmer eller varamedlemer er til stades. Det skal førast referat frå styremøta. I alle saker som i følgje vedtektene ikkje er lagt til årsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler.

§ 7 Kontrollkomitè

Kontrollkomiteen skal ha utskrift av styreprotokollane og kontrollere at styret driftar laget i samsvar med vedtekter, føremål og årsmøtevedtak. Komiteen legg fram ei melding for årsmøtet.

§ 8 Stryking av medlemmer

Styret kan stryke medlemmer som arbeider mot lagsføremålet eller på anna måte skadar samskipnaden. Styrevedtak om dette kan lag eller lagsfolk anke inn for årsmøtet.

§9 Vedtektsendringar


Det ordinære årsmøtet kan, med tilslutning frå minst 2/3 av dei røysteføre utsendingane, endra vedtektene. Forslag til vedtektsendringar skal sendast ut med sakspira til årsmøtet.

§10 Oppløysing

Det ordinære årsmøtet kan, med tilslutning frå minst 2/3 av dei røysteføre utsendingane, vedta oppløysing av organisasjonen.

Ved oppløysing fremjar styret forslag ovanfor årsmøtet om bruk av organisasjonen sine midlar i samsvar med føremålet.

ORGANISASJONSKART | NY ORGANISASJON



TILBAKEMELDING

Du kan melde tilbake ved å sende ein e-post, eller eit brev med dine kommentarar og innspel. Om du ønskjer å melde tilbake på nett, finn du eit eige skjema på nettsida www.folkemusikk.no der du kan fylle inn dine kommentarar og innspel. Her finn du også anna informasjon knytt til omorganiseringa.

Styra ønskjer spesielt tilbakemelding på dei ulike punkta i høyringsnotatet (sjå side 2-3), men vil også ha kommentarar knytt til vedtekter og organisasjonskart.

SEND TILBAKEMELDING TIL:

E-POST:	eivind@folkogdans.no
NETT:	www.folkemusikk.no/omorganisering (eige skjema)
POST:	Norsk Folkemusikk- og Danselag Postboks 440 Sentrum, 0103 Oslo

FRIST FOR TILBAKEMELDING: 1. SEPTEMBER 2009

Vil du vite meir om prosessen fram mot ein ny organisasjon?

Klikk deg inn på - www.folkemusikk.no